

Varhaug Misjonshus



NORSK LUTHERSK
MISJONSSAMBAND

Innhald:

Min song

Side 5

Misjonshusbasaren

Side 8-10

Sentrum menighet

Side 13-15

Magnhild og Morten

Side 16-18

Julemesser

Side 20-21

Å leva nær Gud

Side 24

Kjønn basert på skjønn

Side 26-27

Dråpen i havet

Side 28-29

Bøn om fred

Side 32

Mi bok

Side 33

ODLAND a/s

FORSKALING OG STØYPING



Alt i oppmerking av
parkeringsplasser

Toppaveien 7
4360 Varhaug
Telefon: 51 43 09 37
Fax: 51 43 33 64
Mobil: 908 89 556



Bilopphugging og stort delelager.

Ytre Torvhusv., 4370 EGRSUND
TLF: 51 49 49 50
FAKS: 51 49 49 60
rogbil@hesbynett.no

Du ringer oss så henter vi ditt bilvrak!



SIBYGG

NORRØN GRUPPEN



FØREMÅL MED HUSET ER:

Ved bruk av dei nådemidlar som er gitt oss i Guds ord å fremja Guds rike heime og ute. Arbeidet er forplikta på Bibelen, Den Norske Kyrkja si vedkjenning og dei retningsliner som dei fire eigarorganisasjonane arbeider etter. (§2 i lovene for Varhaug Misjonshus)

Meldingsblad for Varhaug Misjonshus

2 - 2024

36. ÅRGANG

Eigarar

Varhaug Misjonshus er eigd av fire misjonslag. Desse er tilslutta kvar sin hovudorganisasjon:

Norsk Luthersk Misjonssamband

Formann:

Tormod Nord-Varhaug

Mob. 908 67 879

Det Norske Misjonsselskap

Leiar:

Sigrun Bakke

Mob: 957 04 371

Normisjon

Leiar:

Øystein Varhaug

Mob: 970 90 811

Indremisjonsforbundet

Formann:

Toralf Liene

Mob: 951 69 466

<http://www.varhaug-misjonshus.no>

Ånestadvegen 21, 4360 Varhaug.

Mob: 476 01 167

E-mail adresse:

post@varhaug-misjonshus.no

Postadresse:

Pb 103

4368 Varhaug

Kontortid: måndag og torsdag

kl 2000-2100

Kontonr: 3335 11 24011

Kommentarer/innlegg til bladet:

E-mail:

redaksjonen@varhaug-misjonshus.no

Tlf. 900 58 503



Frå redaksjonen

Når dette bladet går i trykken er det meste av haustsemesteret over. Diskusjonen om når handelstanden kan starta opp med pynting til jul er i gang, og julemessene er viktige for mange på Varhaug. Julemesseplakatar på sidene 20 og 21.

I dette bladet kan du mellom anna lesa andakt av Martha Nord-Varhaug. Me skreiv om henne i vårbladet, Då var ho i Estland. Nå studerer ho i Bergen. Min song er levert av Christine Skrettingland. Ho er med i styret i Varhaug kristelige ungdomslag, Vakru.

Sjur har intervju Magnhild og Morten Sørli. Dei bur på Lye. Magnhild er oppvaksen på Varhaug. I august reiste dei til Afrika på eit misjonæroppdrag.

I mai hadde Vakru årsmøte, nytt styre på side 19.

Misjonshusbasaren i september samla mest fullt hus, både unge og eldre, nokre bilete frå basaren på side 8 og 9.

Ikkje alle veit at etter ungdomslagstida, så er det Ungvaksen som er neste steg for dei som er 20+ og som gjerne ønskjer noko i tillegg til dei meir ordinære møte-tilboda. Med meir fokus på smågrupper og samtale om forkynninga og kva det betyr i liva våre, seier Bjarne Skrettingland.

Nordre fløy på Misjonshuset, dvs. matsal, ungdomssal, kjøkken mm vart bygd i perioden 1983-1985.

Den 5. september 1984 var det marked med sperreflag og kake, nokre glimt frå bygginga på sidene 11 og 12.

Arne Lie, oppvaksen på Varhaug, pensjonert prest og forfattar, heldt til på Gol. Han har sendt oss nokre tanker: Om å leve nær Gud.

Per Åge Skretting
redaktør

I redaksjonen: Karin Lerbrekk, Kristian Skrettingland, Sjur Håland og Per Åge Skretting

Oppdatert oversikt over møte framover er å finna på nettsida: www.varhaug-misjonshus.no
Klikk på møteplan og så møtebok.



Martha Nord-Varhaug

Etter eitt år i Estland

Eg heiter Martha Nord-Varhaug, er 21 år og er frå Varhaug, men bur for tida i Bergen. I fjor fekk eg vere eittåring i Estland for NMS, og då fekk eg oppleve litt av korleis det er å vere kristen der. Eg deltok i barne- og ungdomsarbeidet i to kyrkjer i hovudstaden Tallinn, og var blant anna med på ungdomskveldar, sundagsskule, leirar, julespel, påskevandring og liknande. Det var stort å sjå kor mykje arrangementa betydde for barna og ungdommane. Ein stor favoritt for meg var å delta på ungdomskveldane i dei ulike kyrkjene, og eg fekk også treffa ungdommar frå heile landet.

Ungdomskveldane i Estland var betydeleg mykje mindre enn eg er van med på Misjonshuset. I byrjinga tenkte eg at dette var ein dum ting, men etter kvart såg eg kor verdifulle desse møta var for ungdommane som kom. Mange av desse ungdommane opplevde å vere den einaste kristne på skulen, og hadde få kristne vener utanom dei som dei gjekk saman med i ungdomsarbeidet. Det blei ei veldig samanknytt og open gruppe, der ein kunne stille alle slags spørsmål. Ungdommane sjølv fekk også utfordre seg på trua si, og dei er flinke til å vere med som frivillige, og eit par har til og med halde preika under familiegudsteneste. Eg opplevde at dei kristne eg trefte i Estland, var veldig imøtekommande, opne og frimodige i trua si. I løpet av året trefte eg ungdommar som var yngre enn meg som var bibelgruppeteiarar, haldt taler på konferanse for fleire hundre menneske og som dreiv med gateevangelisering.

Ein anna ting som var spesielt i Estland, var det økumeniske arbeidet, kristne som arbeider saman på tross av at dei kjem frå ulike kyrkjesamfunn. Eg reiste blant anna på ein leir der eg møtte både lutherske kristne, baptistar, metodistar, katolikkar og pinsevener.

Tida mi i Estland fekk meg også til å sjå tilbake på oppveksten min heime på Varhaug med stor takknemlegheit. Tenk så velsigna eg er som har fått vakse opp med minikor, spiren, sundagsskule, speidaren og ikkje minst Ungdomslaget. Å ha ein plass å gå til kvar fredag- og laurdagskveld, for å kunne høyre ein andakt eller tale og treffe folk, er verkeleg ingen sjølvfølge! I seinare tid har eg reflektert over kor heldig eg er, og dette har vore eit stort takkeemne for meg. Lovsongen «For så langt» er ein av mine favorittar. Den handlar om at Gud går med oss. Han har vore med oss så langt i livet, og vil fortsetja å vera der for oss. Det har eg verkeleg fått kjenne på, både her heime og då eg var i Estland. Eg var litt usikker på kva eg gav meg ut på då eg reiste, og visste ikkje heilt kva eg skulle forventa, men det har vore ei fin og oppbyggjande oppleving. Eg synest det er så fint at me kan få synga og takka Gud for alle velsigningane og godane som me har i liva våre! For «er Gud for oss, kven er då imot oss?» - Rom 8.31b.

Min song



Christine Skrettingland

Då eg vart spurd om å skriva om ein song, var eg veldig usikker på kvifor ein song eg skulle velja. Det finst så mange fine, men eg landa på songen «Hjelp meg å gå» av UL og Thea Aarseth. Songen handlar om misjonsbefalinga, og refrenget startar slik:

**Hjelp meg å gå til dine små
Som ikke vet du har gitt deg selv for dem**

Når eg høyrer ordet misjon, så tenkjer eg ofte på misjonæra som reiser til andre sida av verda for å fortelje om Jesus til menneske som aldri har høyrte om han. Men definisjonen på misjon er «å dele det kristne budskapet med andre». «Andre» treng ikkje vere menneske frå andre sida av jorda, det treng ikkje eingong vere menneske frå andre land. Misjon kan også vere å fortelje om Jesus til folk ein møter på heimstaden sin. Menneske som ein møter i kvardagen. I songen «Hjelp meg og gå» kjem nettopp dette fram.

I andre verset står det:

**Hvem kan jeg trøste og styrke
Hvor kan jeg lette en byrde
Hjelp meg vise hvem du er
La oss se at du er nær**

Eg syns det er fint korleis songen viser at ein ikkje eingong treng å snakke om Jesus eller Bibelen for å vise kven Han er. Ein kan vise Guds kjærleik til andre ved å vise omsorg, hjelpe og trøyste dei. Det trur eg er viktig å hugse på i kvardagen.

VIGRESTAD BYGG



AH Bygg Auestad & Håland AS
Møllev. 12, 4360 Varhaug
Tlf.: 51798579

BYGGMESTER
O d d m u n d
VAGLE



Tlf 47 63 62 02
Ånestadvegen 292 - 4360 Varhaug

BØEN STORKIOSK
G A T E K J Ø K K E N

Dublandsvegen 1A - 4360 Varhaug - Tlf: 51 43 00 99

Mandag - Torsdag: 10⁰⁰ - 22⁰⁰ Fredag: 10⁰⁰ - 23⁰⁰

Lørdag: 09⁰⁰ - 23⁰⁰ Søndag: 10⁰⁰ - 22⁰⁰



Rilling av spaltegulv. Graving og drenering. Senking av kjeller. Utveising av fjøs.

Egil Håland 416 99 617 www.Toppaland.no toppaland@gmail.com



Mobil 970 55 500

SKAL DU GRAVE?

KONTAKT

ERLING

AUESTAD

MASKINENTREPENØR
VARHAUG

Alt innen graving

Tlf. 51430878

Mobil. 97197815



butikken

– mer enn du tror!

Felleskjøpet Varhaug AS, Mølleveien 4, 4360 Varhaug
Tlf. 51 77 14 70

Åpningstid: Man. - fre. 8-17, lør. 9-14

JÆREN AUTO AS

BILUTLEIE - BILSALG - DEKKSALG - OLJESERVICE

TLF.: 917 00 827 - VARHAUG



Fv. Glenn Skretting, Tarald Ånestad, Grethe Håland, Georg Høien, Andreas Rasmussen. Loyd Ånestad, Per-Arvid Jakobsen, Ådne Skretting og Torbjørn Honnemyr

Nytt frå husstyret, oktober 2024

Takk. Me vil i dag gjerne lyfte fram dei som gjer ein innsats i byggekomite, teknisk komite, innsamlingskomite, redaksjonskomite, dugnadsgjengar, vaskegjengar, formannskomite, husstyret osv. Ikkje alltid så synleg, men om arbeidet ikkje hadde blitt gjort, så hadde det vorte synleg. Takk!

Nåde å få tene. Dette er noe som mange av oss har erfart. Å ta aktivt del i arbeidet på misjonshuset på den eine eller andre måten gjev glede og signing. Til dømes kan ein gjerne merke at dersom ein har eit ansvar på ei samling, så er ein gjerne meir «påskrudd» og får meir ut av samlinga. Dette har me lyst til at fleire kan få ta del i, så velkomen til å ta del i ansvaret og gleda. Du som trur på Jesus er eit med-lem på Kristi lekam.

Klarer me å vise Guds kjærleik slik at det vert oppfatta? «Dei kristne er så dømmesjuka» blir det stundom sagt. Det er trist. For misjonshuset var tenkt å vere ein stad til å høyre Guds ord forkynt, synge, be, tilbe, få hjelp til å vise kjærleik til kristne sysken og til alle i bygda. Og kvifor skulle me dømme nokon, me har jo nok med oss sjølv og treng sjølv Guds nåde. Må Gud hjelpe oss å vise eit slikt tilgjevande sinn og ein slik kjærleik på ein slik måte at det kan bli oppfatta.

Byggeprosjektet skal få plass til eit mingleområde, ein møteplass, ein drøseplass. Håpet er at også dette kan bli ein stad å vise kjærleik til kvarandre og til andre i bygda.

Byggeprosjektet kostar. Bibelen taler om gjevarteneste. Også her er det signing gøymt. Velkommen til å ta del.

«Kvar må gje det han har bestemt
seg for i sitt eige hjarte,

ikkje med ulyst eller av tvang.

For Gud elsker ein glad gjevvar.

Og Gud er mektig

til å gje dykk alle gåver i rikt mål,

så de alltid og i alle høve

skal ha alt de treng,

ja, ha overflod til all god gjerning.»

(2.Kor 9,7f)

Torbjørn Honnemyr, leiar



Misjonshusbasaren 2024 og byg

Torbjørn Honnemyr

Fredag 13. september var mange samla til Misjonshusbasaren, bortimot fullt hus.

Lovsangsgruppa «Immanuel» frå ungdomslaget gav oss fin song, og Børge Skretting hadde andakt for oss.

Kortreiste krefter frå eigen fald, altså, me gjekk ikkje over bekken etter vatn den kvelden. Og mange av gevinstante var og kortreiste som t.d. gåvekort frå lokalt næringsliv, det er både enkelt, samfunnsnyttig og miljøvenleg vil eg seie.

Som vanleg går inntekta til drift av misjonshuset. Basaren gav eit overskot på kr 85 486 til drifta. Det trengst i desse dagar då me har byggeprosjektet på gang.



Byggeprosjektet går framover.

Mingleområdet er framleis skjult bak byggevegg i gangen, men målet er at det skal vere om ikkje heilt ferdig, så i alle fall brukande til julemessene i midten av november. Tilbygget er i ferd med å verta ferdig utvendig, med gipsplater på vegg, vindauge montert og takpanner som blir lagt ut akkurat nå mens eg sit på mitt loft og skriv og ser ut vindaugget. Det blir bra!

ggeprosjektet





Men det kostar og!

Me er nå nesten lens for dei pengane me hadde og låner omlag 3,5 mill. kroner. Dette vil krevje om lag 40 000 i månaden i terminbeløp.

Me ber deg vurdere å vere med på dette økonomiske lyftet ved å teikne deg for fast gjevarteneste eller gje enkeltbeløp.

Dugnad er triveleg. Og nyttig. Me har hatt ein del kveldar med dugnad av ulikt slag, og mange fleire vil kome. Bakverk og kaffi og brus kjem stundom, og då er det triveleg å drøse litt på kjøkkenet i pausen.

Det vil vera nokon ansvaret og viser kva og korleis ting skal gjerast, så du treng ikkje vere fagarbeidar for å vere med. Kom med senka skuldre. Me har spurt ein del om å stå på dugnadliste, og ved behov så sender me ut spørsmål til desse via Messenger om aktuelle dagar.

Men me kan fort ha gløymt å spør nokon av dykk, og det beklagar me i så fall. For me treng alle. Om du ikkje har fått spørsmål om å stilla, men ønskjer å bidra, så ver gild å ta kontakt med Knut Harald Håland eller meg, så får me deg inn i listene.



Fv. Loyd Aanestad, Jarle Stokkeland, Øystein Varhaug (bak), Roger Lerbrekk og Torbjørn Honnemyr.



Fv.: Andre Vagle, Børge Skretting og Kjetil Skrettingland

Nokre glimt frå bygginga i 1984


Per Åge Skretting



Fv. Erik T. Skretting, Trygve Aarsland, Lars Jan Nord-Varhaug og Tron Stokkeland



Per Ivar Vold, Tron Stokkeland, Lars Jan Nord-Varhaug, Njål Omland, Trygve Aarsland, Erik T. Skretting, Oddmund Nord-Varhaug og Geir Husveg





Konfirmantar 2025: Fv: Leiar Siv-Anita Skretting, leiar Erik Vagle, Grethe Mattingsdal, Sofie Håland, 'Thea Aarsland, Amelia Hobberstad, Synneva Vagle, Mari Skrettingland, Peder Undheim, Teodor Liene, Mathias Nesvåg Varhaug, Bak fv:: Leiar Annette Auestad, leiar Simen Rosnes, leiar Gerd Håland, leiar Terje Bøe, leiar Steinar Ånestad.

Sentrum Menighet Varhaug

Tom Magne Ueland

Menigheten som held til på Varhaug Misjonshus, har som visjon «Saman gjennom livet med Jesus i sentrum». Vi er ein menighet som er tilslutta de fire eigarorganisasjonane på Misjonshuset, og held jamnlege møte på misjonshuset, med gudsteneste kl. 11:00 søndag i partalsveker, og kveldssamlingar Sondag kl. 19:30 i oddetalsveker.

På gudstenestene har vi i tillegg barne- og ungdomsopplegget Awana, og nytt av hausten er at vi har starta opp eige ungdomsopplegg i gudstenesten for dei som går i 8. klasse og oppover. Dei samlast på barneskulen etter felles oppstart i gudstenesten.

I år har vi så langt hatt fire gudstenester med dåp, der vi har fått lov å bere fram til dåpen:

14.01.24 - Magnus Fauskanger. Foreldre: Anne Margrethe og Ingve Fauskanger

24.03.24 - Sofia Reilstad. Foreldre: Helga Bø Reilstad og Rikard Reilstad

19.05.24 - Linnea Mesel Bøe. Foreldre: Annette Mesel Bøe og Johannes Bøe

08.09.24 - Evy Skretting. Foreldre: Else Iren og Magnus Skretting

Sentrum Menighet har dei to siste åra hatt tilbod om konfirmasjonsopplegg i lag med Nærbø Bedehus, og vi hadde i år for første gang eigen konfirmasjonsgudsteneste på Varhaug Misjonshus 27. april med sju konfirmantar.

Hausten 2024 har vi starta eigt konfirmasjonstilbod i regi av Sentrum Menighet, og har i år ti ungdommar som er med på opplegget, og som blir presentert på gudstenesten 20. oktober. Konfirmasjonsgudstenesten blir lørdag 26. april på Varhaug Misjonshus.

Første helga i juni hadde vi stand ilag med Den Norske Kyrkja på Varhaugmarken. I tillegg



hadde Varhaug Kristelige Ungdomslag stand på sida av oss. Helga blei avlutta med ein fin gudsteneste ute i teltet på marknadsplassen søndag føremiddag kl. 11:00. Det er fint å kunne samlast på denne måten i samarbeid med andre menigheter på Varhaug, og i lag med lag-, organisasjonar og handelsstand til ein felles bygdedag der vi presenterer mangfaldet i bygda. Dette vil vi gjerne gjenta, og vil vere på plass igjen på Varhaugmarken i 2025.

Sentrum Menighet har året 2024 temaet: Gå derfor ut! Dette temaet går som ein rød tråd i mange av talane. I forbønna på gudstenestene løfter vi fram dei misjonsprosjekta som Sentrum Menighet er med på, og søndag

9. juni fekk vi muligheten til å presentera og be for Magnhild og Morten Sørle som er utsendinga til Elfenbeinskysten, utsendt av Norsk Luthersk Misjonssamband. I tillegg er Arvid Bøe hausten 2024 på tre månaders engasjement på Hemsedal Høyfjellssenter. Meir informasjon om dei ulike misjonsprosjekta til Sentrum Menighet finn du på vår nettside.

I desember har vi generasjonsgudsteneste 1. desember kl. 11:00, med graut og julepregang i løa hos Hanne og Arild Helland etter gudstenesta. Nytt av året er at vi og vil ha høgtidsgudsteneste på Varhaug Misjonshus 25. desember.

JG MASKIN

Jan Gunnar Undheim - Varhaugsvegen 89, 4360 Varhaug
Mobil: 958 28 410 - Fax: 51 43 08 27 - jagunnau@online.no

• SERVICE • DELER • REPRASJONER



Våren 2025 samlast vi til eigen menighetsweekend 31.januar til 2. februar på Tonstadli ferie, kurs og misjonssenter. Dette ser vi veldig fram til, påmeldinga er åpen, sjå nettsida sentrum-menighet.no.

Fredag 14. februar 2025 arrangerer vi konsert med Arvid Pettersen. Her er konseptet ein kveld med konsert og kveldsmat. Sett av datoen, og kom og få ein god matbit og ein flott konsertoppleving. Meir info kjem på Sentrum Menighet sine nettsider: sentrum-menighet.no

Sentrum Menighet har eit breidt arbeid, for alle aldrer i løpet av ei veke, med blant anna Humlebøle, Ung-Vaksen Sentrum, Fres,

Livsmeistring og andre arrangement og møte. Velkommen til våre samlingar, og ta gjerne kontakt med oss.

MALER OG GOLVLEGGER

Jæren Gulv AS

Varhaug • Tlf. 488 48 700

Nå er Magnhild og Morten på plass i Elfenbenskysten



Sjur Håland

Magnhild og Morten Sørлие bryt opp midtvegs i yrkeskarrierane sine og blir misjonærar i Elfenbenskysten. Sentrum Menighet her på Varhaug er ei av tre sendemenigheter som får eit særskilt ansvar for dei to.

Ho er 47 år, og bioingeniør på SUS, medan han er 48 og siviløkonom med eige firma. Medan Morten er frå Rygge i Østfold, er Magnhild frå Varhaug. Dotter til Gudbjørg og Steinar Skretting, for dei som måtte lura på slekt og slikt. Nå startar dei med blanke ark i Vest-Afrika. Misjonskall eller eventyr - eller litt begge deler?

Dei to kikkar på kvarandre.

- Kanskje litt begge deler. Men det handlar aller mest om at me har kjent at dette er noko me gjennom lang tid har blitt dregne mot, seier Magnhild, og får eit stadfestande nikk frå Morten.

Skal læra fransk

Når du les denne teksten i Misjonshusbladet har Magnhild og Morten vore på plass i storbyen Abidjan i tropiske Elfenbenskysten sidan midten av august. I denne byen, med meir enn seks millionar innbyggjarar der fordelinga mellom muslimar og kristne er 50/50, skal dei vera eitt års tid for å læra fransk og bli kjent med folk og kultur.

- Det er ei stund sidan me gjekk på skulen, så det å læra eit nytt språk blir ein kode å knekka i seg sjølv, seier Magnhild.

Deretter går ferda byen Ouaninou i den nordvestre delen av landet der dei skal ha sitt virke vidare. Her er dei aller fleste muslimar.

Bur på Time

Eg møter dei to i heimen deira eit par steinkast frå kyrkja i Time ei solrik kveldsstund ein av dei første dagane i juli. Eit par store koffertar står diskret plassert langs eine veggen i stova. Elles er det lite som tydar

på reisefeber, oppbrotstemning og stress. Kaffien kjem på bordet og drøset går ganske av seg sjølv.

Etter vidaregåande skule, gjekk Magnhild på bibelskulen på Bildøy. Ut på våren møtte ho tilfeldig ein kamerat av eine medeleven.

- Det var Morten - og det var slik vi møttest, fortel ho.

Morten hadde på det tidspunktet nyleg blitt ein kristen etter å ha gått på eit Alpha-kurs. Dei to budde nokre år på Austlandet og i



Glimt frå storbyen Abidjan i Elfenbenskysten. Klimatet her er tropisk. I følgje Climate Data er snitt-temperaturen i byen 25,9 grader. Foto: Magnhild og Morten Sørлие.



Magnhild og Morten har kome vel til rette og har byrja misjonærtenesta. Første stopp er Abidjan, kor dei mellom mykje anna skal lære fransk. Foto: Magnhild og Morten Sørлие.

Kristiansand før dei enda opp på Jæren i 2004. Først på Lye, seinare i ein frittliggande einebustad på Time.

Vaksne barn

Paret sine tre barn, er ikkje små barn lenger. Dei to jentene, Gina og Lotte er 22 og 20 år. Begge bur i Oslo. Yngst i flokken, Fredrik, har passert 17 og utdannar seg innan skogbruk på KVS Bygland – Natur- og friluftsskolen. Han bur på internat på skulen.

- Barna er ute or reiret og lever sine arbeids- og studentliv. Å halda kontakt i desse digitale tidene er jo ikkje noko problem. Og så skal me sjølv sagt treffast med jamne mellomrom. Planen er at dei kjem til Elfenbenskysten til jul, seier Magnhild.

- *Kva er det som får dykk til å sleppa dykk laus og bryte opp på denne måten?*

Noko har skjedd gjennom dei siste åra. Me har vore aktive i INN-kyrkja på Lye i ei årrekke. Det eine har ført det andre med seg, og då det i fjor haust vart klart at Fredrik skulle bu på internatskule, opna det seg ein moglegheit for å få til det me hadde kjent oss dregne mot.

Skal vera misjonærar

I mellomtida hadde Morten alt kikka på ulike misjonsrelaterte stillingsannonsar.

- Me er jo vaksne folk utan relevant utdanning og erfaring med misjonsarbeid i felten frå før av. Men det synt seg fort at det var behov for folk også med vår livserfaring og bakgrunn, seier han.

Dei to skal ikkje inn i tradisjonelle forkynnarrowler. Heller ikkje skal dei bruka eiga utdanning og formelle kompetanse direkte. Magnhild seier dei ønskjer å koma tett på folk og dela evangeliet med dei samtidig som dei ønskjer å bidra til å betre folk sine levevilkår.

- Me skal vera misjonærar der oppgåvene blir å bidra på ulikt vis til arbeidet som alt er i gang i Elfenbenskysten. Blant anna får me rådgivande oppgåver i tre kyrkjer som NLM driv, forklarar ho.

Drift av leirar og kurs og deltaking på evangeliseringsmøte og arbeid i mindre grupper blir også prioriterte oppgåver.

- Så høyrer relasjonsarbeid naturleg til. Rett og slett å knyta kontaktar og bli kjende med vanlege folk i nærmiljøa der me skal bu, seier Morten.

Lese og skriveopplæring blant lokale er viktig. Ikkje minst i lys av prosjektarbeidet som går føre seg med å oversetja Bibelen til det lokale stammespråket mahou. Eit helserelevantert prosjekt er også i startfasen.

Få norske

I Abidjan er det ein norsk familie, ein sjukepleiar som arbeider i eit prosjekt og ein «ettåring». Når dei så reiser til Ouaninou, vil dei vera i lag med éin norsk familie.

- Bortsett frå desse er det enkelte frå Norge som reiser litt til og frå. Men dei høyrer til det faste personellet, seier dei to.





Magnhild og Morten er nå fast tilsette i NLM, og ser føre seg minimum tre år i Afrika. Dei to understrekar at familien og vennekretsen er positive og støttande. Barna er svært positive og har vore aktive i prosessen, noko som har vore avgjerande for at dei har kunna reist.

Bitte litt skummelt

- *De er ganske så spreke?*

- Det er veldig spanande og noko heilt nytt og ukjent. Men meiningsfylt. Og også bitte litt skummelt, så klart, seier Magnhild.

- *Handlar arbeidet som de skal inn i om «kall»?*

- Ja, det vil eg absolutt seia. Me kjenner oss kalla til å bidra til at Guds ord, evangeliet, blir forkynt. For vår del blir det i Elfenbenskysten, seier Morten.

Vekk frå tryggleik og faste rammer. Til eit land med store kontrastar og mykje som er heilt nytt og framandt. Det blir uvant. Me er ikkje lenger «ekspertar», men startar på mange måtar på bar bakke, seier dei.

Sendemenighetene i ryggen

Sendemenighetene er Sentrum Menighet på Varhaug, INN-kyrkja på Lye og ei NLM-menighet i Fredrikstad nær der Morten vaks opp.

- Det er heilt fantastisk å ha menighetene i ryggen. Dei kjem til å vera med oss først og fremst gjennom bøn, medan me skal oppdatera dei under vegs om tenesta. På denne måten blir me ikkje åleine. Og så bidreg me til å tetta gapet mellom medlemmane i menighetene og misjonærene i felten. Me er saman om dette, det er viktig å formidla, understrekar Magnhild og Morten Sørлие.

ALT I ELEKTRISKE INSTALLASJONER

Elektrofag Jæren

Industrigt. 2, 4362 Vigrestad • Tlf: 51 79 11 70 • post@elektrofag.no

En god kontakt på Jæren

EL-PROFFEN

VAKRU



Fv. Ingeborg Ueland, Serina Boganes, Mathias Vagle, Helene Skrettingland, Ådne Skretting, Christina Skrettingland, Johannes Lima Olsen, Mikala Hobberstad, Filip Halvorsen og Elen Kydland



JULEMESSE

Varhaug Misjonshus,
15. og 16. november 2024

Fredag

17.30: Matsalget startar. Sal av gryterrett, dessert, kaker og kaffi.

19.00: Møte med Eivind Jåtun, Lovsangsguppe.

Etter møtet vert det varesal og kafeteria. Åretrekning.

Laurdag

11.00: Møte med Eivind Jåtun.

Etter møtet vert det varesal og kafeteria med sal av Lasagne, graut, dessert, kaker og kaffi. Åretrekning.

14.00: Familiemøte med Anne Birgitte Auestad. Song av Minikoret.
Hovedtrekning og Barnetrekning.



VELKOMMEN!

Misjonssambandet

Normisjon Julemesse 8. og 9. nov 2024

Vigrestad Misjonshus

Kveldsmøte fredag 8. nov kl 19: Andakt av Thomas Thesen. Sang og musikk av Greensax

Varesalg. Kafè med gryterrett, pølser, kaker og kaffi. Åretrekning.

Møte lørdag 9. nov kl. 11. Andakt av Jan Gunnar Mattingsdal.

Basar lørdag 9. nov kl 13. 30 . Andakt. Sang av Vigrestad barnekor.

Åresalg og barnetrekning. Hovedtrekning.

Mellom formiddagsmøte og basaren er det
open kafe, varesalg, åretrekning og aktiviteter for barna

Alle er hjertelig velkomne!

Arrangør: Normisjon Vigrestad, Varhaug og Nærbo

Velkommen til julemesse

på Varhaug Misjonshus
22. og 23. november



FREDAG

18.00 Kveldsmat

Gryterett, kaffi og kaker.

19.00 Møte

Misjonskorpset (NMS), Egersund vert med.

Kafé og varesal etter møtet.

Åretrekking ca. kl 20.30.

LØRDAG

11.00 Møte

Andakt av Olav Kristian Tangeland, NMS

Song av Vigrestad barnekor.

Kafé (inkl. hamburger og graut) og

varesal etter møtet.

Åretrekking ca. kl 13.00.



13.30 Familiemøte

Olav Kristian Tangeland vert med.

Song av Vikeså Soul Kids

Barne- og hovudtrekking.



Vi er der når du trenger oss

Varhaug, Oppstadveien 651. Tlf: 51 79 94 80 • Tlf. 982 17 798

Hjemmeside: jts.as



Rådhusgt. 2A, 4360 Varhaug

Tlf. 51 47 22 00 / www.voldentollefsen.no

Tettar gapet etter Ungdomslag-perioden



Sjur Håland

Tilstrøyminga tydar på at Ung Voksen-Sentrum tilbodet på Varhaug Misjonshus dekkar eit behov for målretta tilbod til aldersgruppa 20+.

- Tilbodet er kanskje aller mest for dei som kjenner at det ikkje lenger er naturleg å vera med i Ungdomslaget – og som gjerne ønskjer noko i tillegg til dei meir ordinære møtetilboda. Med meir fokus på smågrupper og samtale om forkynninga og kva det betyr i liva våre, seier Bjarne Skrettingland.

Mellomfasen

Ung Voksen-Sentrum er etablert under Sentrum Menighet. Her samlast unge folk éin torsdagskveld i månaden frå haust til vår. Ung Voksen har eit eige styre kor Inga Eiane, Einar Johan Oltedal, Erling Lobekk og Bjarne Skrettingland er medlemmar.

Bjarne seier Ung Voksen er eit alternativ for unge som er i det som kan definerast som mellomfasen. Tilbodet er til alle unge vaksne frå kring 19 år.

- I praksis ser me at dei fleste som kjem, er frå 20 år og oppover. Single, kjærastepar og gifte par, seier han.

Arrangementa finn stad på Ungdomsloftet. Eit typisk møte startar med undervisning eller forkynning.

- Etterpå finn me saman i mindre, tilfeldige grupper, der me diskuterer tema eller konkrete utfordringar i samband med talen/undervisninga.

Kultur for samtaler

Bjarne seier at diskusjonane gjerne er relaterte til deltakarane sine eigne liv og utfordringar i kvardagen eller i truslivet.

- Samtalane i etterkant er utruleg nyttige. Mi erfaring er at me på dette viset får med oss enda meir å tygga på enn kva som gjerne er tilfelle om du droppar innom på eit vanleg møte i kristen regi.

Målet med Ung Voksen er å skapa eit miljø og ein kultur der det å også snakka om tema kring tru og liv høyrer naturleg med.

- Det er utruleg givande å sjå kor positiv respons me får på konseptet av dei som kjem på samlingane, seier han.

For alle

- Betyr dette at du må vera ein trygg, etablert kristen for å delta?

- Slett ikkje. Men Bibelen og forkynninga av Guds ord er sentralt. Me ønskjer at fleire skal bli kjent med Jesus. Så i dette sosiale fellesskapet er alle velkomne, anten dei definerer seg som kristne, eller berre er nysgjerrige på dei store og små spørsmåla livet har å by på og har lyst til å vera saman i eit kristent fellesskap.

Bjarne, som er med og leiar samlingane, understrekar at du ikkje treng vera aktiv i diskusjonane og samtalane etterpå.

- Det er så klart heilt i orden om du berre vil sitja i gruppa og lytta til det som blir sagt. Her er det stor skil på folk.

Trygt rundt bordet

Mange som er litt forsiktige i starten kjem gjerne på glid etter ei tid, fortel Bjarne. Det handlar om å kjenna seg trygg. Det skal du kunne gjera på Ung Voksen.

- Det er rett og slett heilt fantastisk å oppleve alle dei gode samtalane som finn stad rundt borda, seier Bjarne.



Møta byrjar 19,30 og startar med forkynning/undervisning før samling i grupper. Etterpå er det mogleg å dela frå samtalanane i plenum for dei som ønskjer det.

- Så er det mat, kaffi og sosialt samvær fram til kring 22.00. Av og til vil folk helst ikkje gå heim, det må vel vera eit teikn på trivsel, smilar han.

Kjem til Varhaug

Ung Voksen-Sentrum vart etablert i 2021. Talet møtedeltakarar varierer mellom 30-50 personar. Arrangementet trekker folk frå ut over bygdegrensa, seier Bjarne.

- Kring tredjeparten av møtedeltakarane er frå Varhaug, resten kjem frå bygdene og byane omkring, det er stas, seier Bjarne.

- Kva er årsakene til det?

- Eg trur det handlar om konseptet der me deler opp i grupper. Og så er det jo eit teikn på av folk trivst og inviterer med seg andre. Sist gong møtte fem nye. Me dekker heilt klart eit behov og har god plass til enda fleire.

Ung Voksen-Sentrum har tre torsdagsmøte att på planen i år; 24. oktober, 21. november og 19. desember.



Tema: Å leva nær Gud

Me lever kvar dag med eit under: at Gud er nær oss. Det er eit mysterium for tanken, og eit under for trua. Eg har oppdaga salme 139 på ny. Kong David fortel om ein forunderleg tryggleik og nærheit til Gud. Av dei 150 salmane me har i Bibelen er 73 salmar tilskrivne David. Løyndomen med livet hans er at Gud er med han, at han søker styrke hos Herren.

Salmen startar slik:

«Herre, du ransakar meg og du veit - du veit om eg sit eller står, på lang avstand kjenner du mine tankar.»

‘Du veit’ blir teken opp att to gonger. ‘Du veit.’ Eg trur det ligg ein livsløyndom her, eit mysterium skjult. Ein Gud som alltid er større. Ein Gud som alltid er visare og klokare, som har sine tankar med kva som hender. Det ligg ein tryggleik i dette: GUD VEIT. Me har så mange spørsmål. Me vil ha så klare svar. Om helse. Om framtid. Om kyrkja. Om samfunnet. Om alt det vonde i verda. Midt i alle våre spørsmål om å vite, ligg det ei kvile å vite at Gud veit. Det er trygt å leggje liv og framtid i Guds hender.

David står i eit du-forhold til Gud. Salmen er prega av dei korte orda «du og dine.» David er kjent. David er sett. David er omringa. David er Gud sitt finaste skaparverk. Gud er så nær han. Dette gjeld ikkje berre David, men alle som søker tilflukt og hjelp hos Herren. Eit mysterium for tanken, ei gåve for trua. David seier: «Bakfrå og framanfrå omgjev du meg, du har lagt di hand på meg. Det er eit under eg ikkje skjønar, det er så høgt at eg ikkje kan fatte det.» v.6.

I sommar hadde me dugnad på hyttevegen. Tre av oss kom i prat i ei pause. Den eine var ny hytteeigar. Eg visste kven han var, men eg hadde ikkje prata med han før. Han var ung, og eg visste at han hadde mista sin 12 år gamle son etter lang kamp med kreft. Det hadde vore ei beinhard tid. Han var open. Me snakka om døden. Sjølv var han ikkje redd for døden. Døden er ein prosess, nokon

døyr gamle, andre døyr unge. Slik er det. Han fortalde at han var ikkje religiøs. Kristendom var ikkje for han. Eg berre lytta.

Den andre kom og til ordet. Han fortalde om ei dårleg erfaring med ein kristen. Det hadde sett spor i han. Så var det min tur. Kva skulle eg sei? Skulle eg la meg provosere? Det vart ein liten pause – då me berre stod der. Då fall orda mine seg slik: «Den kristne trua blir for meg å vere trygg, trygg i livet og trygg i møte med døden.» Det vart stille. Så kom det frå den unge faren som hadde mista sonen sin og stod utan tru: «Eg misunner dei som har ei ekte og trygg tru.» - For meg vart dette ei sterk oppleving. Eg kunne vald å utfordre han på døden og kristendommen. Men ved Guds hjelp fekk eg enkelt og ærleg sei kva trua betyr for meg.

Kvifor er me kristne? Er det for å få eit betre liv? Men dei som ikkje går i kyrkje og bedehus, lever jo gode liv. Med økonomi, med velstand, med reiser, med eit godt familieliv. Kva er det som kan vekke folk til å få meir interesse for Gud? Skulle me våge å syne stoltheit over at me får høyre Herren til? Ja, eg meiner stoltheit. Når Gud blir stor og får forme oss i sin nærheit, då skjer det noko. Å leve i Guds nærheit gjer oss trygge for det som skjer i livet. For alt som eingong skal skje, då Herren skal kome att og dømme levande og døde. Kan det vere at medmennesket me møter, treng å oppleve oss med ei ekte og trygg tru, ei tru som gir meining og håp. Kan det vere at det er det vitnemålet som har sterkast gjennomslagskraft i vår tid. Kristne sitt store kall må vere å spegle ei trygg tru i ei uroleg verd, ei verd som er full av spørsmål og manglar trygge svar!

Gol september 2024

Arne Lie-





SPAR



SPAR VARHAUG

Tlf. 51 43 01 36

E-post: spar.varhaug@ngbutikk.net

Opningstider 06.30 - 21.00
(08.00-20.00)

SpareBank
SR-BANK **1**



Brit Jane Varhaug
Einervegen 3
Tlf.: 51430757

**Varhaug
Park & Hage**

Tlf: 51 43 59 00 e-post post@vph.no www.vph.no



Murmester
Waldeland & Dubland AS

Alt i mur-, puss- og flisarbeid
Tlf: 992 50 989
Epost: post@waldeland-dubland.no

HUS • TILBYGG • REPARASJONER
Be om pristilbud på arbeid og materialer





Kjønn basert på skjønn



Per Åge Skretting

I skulebøkene til 9-åringane våre vert kjønn i dag framstilt som noko dei føler, noko dei kan velja eller noko dei gjer! Før var det slik at ei kvinne var eit menneske av hokjønn, ein mann eit menneske av hankjønn. Mange er ikkje einige i det lenger. Barn frå 6 år og oppover kan nå endra kjønn dersom ein av foreldra er einige med barnet. Mange har høyrte om innføring av eit tredje kjønn, hen.

Den 28. mai var Misjonshuset leigt av organisasjonen Foreldre.net. Det var Brynjar Østrem som stod for foredraget. Han bur på Vigrestad med familien og arbeider som brannmann i Stavanger til dagleg. Misjonshuset var nær fullsett av interesserte kvinnar og menn, flest med barn i skulealder.

Han stilte spørsmålet: Kva er Foreldre.net? Det er ein ny nasjonal organisasjon stifta av foreldre, partipolitisk og religiøst nøytral. Dei arbeider for at undervisning om kjønn i skulen skal vera basert på biologi og vitenskap, altså det som me veit er fakta, sant. Er det ein god ide å la følelsane våre avgjera om ein er gut eller jente, mann eller kvinne eller noko anna.

Kva er kjønn i 2024? Kva handler det om? Ein definisjon: Biologisk mekanisme for reproduksjon, formeiring.

Så spurte han: Kor mange kjønn har me? Me menneske vert alltid født som ho- eller hankjønn og det vil me alltid vera så lenge me lever uansett kva me gjer med kroppen vår. Kva avgjer kjønnnet vårt? Er det kromosoma som avgjer?

Det er størrelsen og funksjonen til kjønncellene våre som avgjer om me er gut/mann eller jente/kvinne. Kvinner har eggceller, menn sædceller. Kan eit menneske då bytta kjønn med operasjon



eller hormonell behandling? Nei, meiner Foreldre.net. Det er 100% umogeleg! Det er like vanskeleg som for ein mann å verta ein struts! Ingen hormonkur eller operasjon i verda kan endra kjønn. Kromosoma våre er XX for kvinner og XY for menn. Dette kan ikkje endrast. Dette vert aldri nemnt i skulebøkene. Om nokon vert fødd med kromosonfeil, er det ikkje eit anna kjønn.

Bjørnar Østrem opplyste at det i dagens lærebøker ikkje lenger står at kjønn er bestemt ved unnfangelse, og at det er umogeleg å bytta kjønn. I staden får ungane våre servert ei fint innpakka løgn, kjønn vert i tekst og bilete framstilt som noko dei kan velja på grunn av noko dei føler eller noko dei gjer.

Heilt frå dei er små vert dei introdusert for tanken at du kan vera fødd i feil kropp. Dei vert fortalde at dei nå kan bytta kjønn om dei ikkje er heilt fornøygde med det dei fekk utdelt ved fødsel. Det går an å vera fleire kjønn samtidig. Dei kan velja å ikkje ha noko kjønn, eller vera eit anna kjønn enn gut eller jente. Dei kan om dei vil, bytta mellom ulike variantar av kjønn når dei vil. Såkalla kjønnsflytande. Kva er trikset for å å dette til? Det er eit magisk ord som heiter kjønnsidentitet.

Det er basert på antivitenskapelege idear, og vert framstilt som ei udiskutabel sanning som ingen kan stilla spørsmål ved, hevda han. Alle har ein kjønnsidentitet!

Veit du kva kjønnsidentitet betyr? Subjektiv oppleving av å tilhøyra eit kjønn, kva du føler, ei personleg oppleving av kva ein er, gut eller jente eller noko anna. Me menneske må ha eit tru på at me har ein indre usynleg essens, og det er det kjønn du føler inne i deg som er det rette, sjølv om du ikkje føler at det stemmer med kroppen din.

Han oppsummerte: Følelser er alltid sannhet. Du er det kjønn du føler! Dette snur oppned på alt. Før var det slik at ei kvinne var eit menneske av hokjønn, ein mann eit menneske av hankjønn. Mange er ikkje einige i det lenger.

Nå er det slik at ei kvinne er ein person som har kvinneleg kjønnsidentitet, dvs. føler seg som ei kvinne, ein mann er ein person som har mannleg kjønnsidentitet. Dette skal nå ungar frå 4. klasse grubla på.

I lovverket vårt, frå 2013, er det innført forbod mot diskriminering, og der vart og ordet kjønnsidentitet inkludert. I 2016 fann politikarane våre ut at det var ein god ide å la alle kvinner som ønsker det, erklæra seg som mann, og alle menn som ønsker det, kan erklæra seg som kvinner. (Lov om endring av juridisk kjønn). Me har høyrte om studentar som endra kjønn for å få tilleggspoeng for å koma inn på eit studium. Det kan gjerast ved å fylla ut eit skjema på nettet, og er lettare enn å byta mobilabonnement.

BILVASK
Få 5 vask til prisen av 3

Gjelder på utvalgte stasjoner med Tiger Wash. Verdikupongene er kun gyldig med kvittering, stempel og signatur fra betjeningen. Gyldig 1 år fra kjøpsdato.

PLATINUM
5 FOR 3
FÅ 5 VASK TIL PRISEN AV 3

Esso Varhaug
Servicenter A/S
Tlf. 51 43 02 33 • 4360 VARHAUG

VI HAR GODKJENT BILVERKSTED

EL-TEAM
Elektroentreprenør


AUTORISERT ELINSTALLATØR
MEDLEM AV
elkonor

Morenefare 5, Bryne • Tlf. 51 48 67 40
E-post: firmapost@el-team.net
www.el-team.net



FARGERIKE



FARGERIKE HALVORSEN

Skulegata 13, VARHAUG • Telefon 51 43 61 00
E-post: post@fargerikehalvorsen.no
Mandag-fredag 7.00-18.00 • Lørdag 9.00-14.00.



Opstadveien 643
Postboks 54 – 4368
VARHAUG
Tlf.: 51798700
post@jerentreprenor.no
Org. nr.: 934279980
www.jerentreprenor.no

Regnskapsfirmaet på Jæren

Besøksadresse: Stasjonsvegen 14, 4360 Varhaug. (2 etg på Stuelandsbygget)
Kontor på Bryne - Sandnes - Varhaug



www.jarok.no

post@jarok.no - tlf. 51 48 22 66



KAY'S

BETONGSAGING AS

- Kjerneboring NÆRBØ
- Meisling Tlf. 908 37 365
- Minigraver



Leverandør av trelast og bygningsartikler




TRELAST OG BYGGEVARER
ENGROS

Jernbaneveien 18/19, 4365 Nærbø
Tel: 51 79 12 70 - Fax: 51 79 12 71

R. SKRETTING A/S

KJØTTFORRETNING
DELIKATESSE
SELSKAPSMAT
4360 Varhaug Tlf. 51 43 02 16



Bønn om fred!

Per Åge Skretting

I september kom Roald Evensen, forkynnar i Indremisjonsforbundet til Varhaug og talte på fleire møter. Han fekk fram 3 stk til å halda flag på scenen, det israelske, det norske og jerusalemflaget.

Han innleia talane sine slik:

På denne måten vil me vekka vår oppmerksomhet, vekka vår hukommelse, vekka vår tanke slik at me kan hugsa på å gjera det Guds Ord seier at me skal gjera; nemleg å be for vårt eige land, for styresmakter og be for Israels folk og land, og be om fred for Jerusalem.

Me ber for dei ulike folkegruppene i Israel, for Knesset, dei messianske menighetane, for dei ortodokse menighetane, at evangeliets lys og kraft må verta åpenbart for dei, for denne vanskelege tid med krig, terror og elendighet, for nabolanda: Tyrkia, Libanon, Syria, Irak, Saudi Arabia, Jordan, Yemen, Egypt, og så Gaza.

Gud har sagt i sitt Ord: «Se han sover ikke og blunder ikke Israels vokter». Det er ikkje noko me har funne på, men det er noko Han sjølv ha sagt i sitt Ord, i sitt løfte. Så det er å minna Gud på det han sjølv har sagt. Dette er ei viktig tenesteoppgåve.



Mi bok

Sterkt og glitrande om haugianismen

av Trygve Riiser Gundersen



Det er haust, og tid for å lunke i omnen og krølla seg godt saman i ein eller annan godt brukt stol i heimen. Gjerne med ei bok. Anten ei god gammaldags bok i fanget, eller i form av lydbølgjer servert direkte inn i øyrene.

Valet av lesestoff er ditt. Men om du treng eit lesetips, skal du få eitt av meg her. Eg vil anbefala boka «Haugianerne» med undertittel «Enevelde og undergrunn», av Trygve Riiser Gundersen. Den drygt 600 siders kolossen, utgitt av Cappelen Damm, kan høva godt nå, når nettene blir lange og kveldane like så.

Me har ulike lesevaner og leselyst. Les du denne boka, må du vera litt tolmodig, akseptera at ho ikkje er typisk roman-lettlest og rekna godt med tid. Og så må du vera glad i historie. For her får du norgeshistoria slik du aldri har fått den før. Nå har det gått to år sidan eg las boka, så eg har gløymt ein del detaljer. Men eg gløymmer ikkje at eg hadde mange aha-opplevingar. Eg hadde gode stunder der det var lett å smile og stunder der eg var oppgitt, trist og lei. Ikkje av boka, men av lagnaden til alminnelege folk. Det kunne vore deg eller meg om me hadde levd i den tida.

For boka handlar om alminnelege folk her til lands i åra før 1800. Og ho handlar om eliten styrt av den allmechtige og eigenveldige kongen i København. Han hadde berre éin over seg, og det var Gud. Fridom til å tenkja sjølv og definera si eiga tru var ukjent for alminnelege folk. Å ha egne meiningar og vera i opposisjon, kunne vera direkte farleg i ei tid då tukthusdommane var strenge og hovuda rulla. Kongen og embetsstanden, inkludert futane

og prestane, rådde grunnen. Det var dei som bestemte kva du skulle tru, meina og tenkja. Og nåde den som braut med dette mønsteret.

Braut gjorde bøndene i Bergensområdet då dei våga å protestere mot ekstraskattane som kongen skreiv ut for å finansiera den danske statsgjelda i samband med sjuårskrigen. Den såkalla Strilekrigen var ein del av starten på samfunnsendingane som skulle koma.

Braut gjorde til gagns Hans Nilsen Hauge. Vekkinga han skapte då haugianarane braut med konventikkelplakaten (forbodet mot å halda kristne møte utan løyve frå presten i soknet) fekk etter kvart eliten til å skjelva medan allmugen bretta opp striskjorteermene og byrja kampen for verkeleg radikale samfunnsendingar.

Boka fekk glitrande omtale då ho kom ut. Knut Hoem kallar den for ein intellektuell kraftprestasjon. Om du les, vil du skjønna kvifor. Her er eit rikt og høgst levande persongalleri og nokre skildringar innimellom som i alle fall fekk meg til å måpa. Les sjølv og gjer deg opp di meining. Dette er ei bok eg er takksam for at eg ikkje gjekk glipp av!

Erling Rimehaug skriv i avisa Vårt Land om forfattaren at «Han lar oss smake, lukte, lytte til fortiden. Vi kjenner vinden piske, kulda bite, føttene synke ned i søla. Vi kjenner stanken av fattigdom, hører raslingen av overklassens silkekjoler.»

God lesing!

Sjur Håland



Der Meistaren vandra Kfar Kana



Per Åge Skretting

Kfar Kana er nemnt tre gonger i Bibelen:

- Her gjorde Jesus sitt første av 37 under, under ein bryllupsfest. (Joh. 2,1-12)
- Ein kongeleg høvedsmann bad Jesus koma ned til Kapernaum. (Joh. 4,47 og 49)
- Natanael, som seinare vart kalla apostelen Bartolomeus, kom frå Kana (Joh. 21,3)

Kfar betyr ein liten landsby, så Kfar Kana er altså staden Kana. Johannesevangeliet (Joh. 2,12) fortel at Kana ligg i Galilea, i fjelltraktene vest for Genesaretsjøen. Jesus gjekk frå Nasaret til Kapernaum, og den vanlege vegen gjekk gjennom Kana. I dag går det an å gå denne ruta til fots, slik Jesus gjorde og heiter då «Jesus Trail». Ruta er på ca. 65 km frå Nasaret til Kapernaum, og det tek frå fire til sju dagar å gå, avhengig av kor langt ein går kvar dag. Avstanden frå Nasaret til Kana er på ca. 16 km. Det betyr at avstanden frå Kana til Kapernaum er på ca. 48 km. I dag står ei fransiskanarkyrkje i Kfar Kana. Den vert kalla Bryllaupskyrkja og er



bygd i 1880. Kyrkja står på eldre bygningar frå det fjerde og femte hundreåret. Like ved er det også ei greskortodoks kyrkje.

Læresveinane vart overvelda av den gjerninga Jesus gjorde i Kana og måtte erkjenne at denne enkle tømmermannssonen sanneleg er Guds son. I hans hand er makt og velde lagt, ja for denne Herre er ikkje noko umogeleg fordi han er Guds son, komen til jorda for å gjera under og teikn i Guds allmakt.

Kana skal fortelja oss at Han ikkje var eit menneske som oss, men også Guds son som er gitt all makt i himmel og på jord. Kana fortel at me har ein Herre som kan alt, og at alt er mogeleg for Han. I Han har me ein Gud som gjer under, og som hjelper oss på underfullt vis når menneske ikkje lenger kan hjelpa. Difor treng me ikkje stå overfor det umogelege. Me kan gå til denne allmektige Herre og leggja det fram for Han i bøn.

Embetsmannen som var i teneste hos Herodes, Antipas, reiste frå Kapernaum til Kana for å be Jesus koma og gjera sonen han frisk. Han var døden nær. Jesus sa til han; «Gå heim, sonen din lever.» Antipas trudde Jesu ord, og reiste heim. Han stolte på Jesus, der og då. Embetsmannen reiste tilbake til Kapernaum. På heimvegen kom tenarane hans han i møte og fortalte at sonen levde. Han spurte då kor tid feberen forlét guten, og då dei sa det, forstod han det var akkurat då Jesus hadde sagt: «Gå heim sonen din lever!» Trua vart delt, og heile hans hus trudde på Jesus.

Natanael vert ofte nemnt i lag med Filip, og det var Filip som tok han med til Jesus. Filip sa: «Vi har funne han som Moses og profetane har skrive om: Det er Jesus frå Nasaret.» Natanael var skeptisk og spurte: «Kan det koma nok godt frå Nasaret?» Nasaret var jo ein enda mindre plass der det berre budde rundt 150 personar. Filip svarte: «Kom og sjå!» Då Jesus såg Natanael sa han: «Sjå, der er ein ekte israelitt, ein som det ikkje er svik i.» «Kor kjenner du meg frå», spurte Natanael. «Eg såg deg før Filip roppte på deg, der du sat under fikentreet.» Natanael visste godt at Jesus ikkje hadde vore der då, så han sa: «Rabbi, du er Guds son, Israels konge.» Jesus svarte: «Du skal få sjå større ting enn dette.»

Natanael fekk namnet Bartolomeus og vart ein av dei tolv læresveinane. Han leid martyrdøden i Armenia, vart flådd levande og krossfesta med hovudet ned. Armenia vert omtala som verdas første kristne stat.

Bøn i ei av kyrkjene i Kana:

Vår kjære Herre Jesus,
«Vi takker deg, fordi du er en allmektig Herre som forvandler vann til vin., ja som kan forvandle alt: bedrøvelse til glede, fjell av vanskeligheter til en banet vei, om du bare sier et ord.

Vi vil berømme din makt her, besynge den og ære deg ved stor tro. Ved våre vanskeligheter og umuligheter vil vi ha tillit til deg, at du i dag er den samme levende Herre. Du ser vår nød og gjør også i dag under, og gir oss din hjelp når vi roper til deg og tror på deg. Det takker vi deg for. Amen»



**En jul å
glede seg til**


Illustrasjonsfoto

Mange familier går en tøff tid i møte. Blå Kors hjelper barn, voksne og familier som har det vanskelig.

Din støtte kan gi "Ida" en tryggere jul!

Giverkonto
3201 52 74165

Gi din gave på VIPPS 936679
Scan QR-koden her:



Bli med på

FAKKELTOG



Tema 2024:

STOPP

**VOLDELIG FORFØLGELSE
AV KRISTNE I AFRIKA!**



28.11.2024 kl 19.00

Nærbø

PROGRAM:

Oppmøte på Torget kl 19.00
Utdeling av gratis fakler
Opprop

Fakkeltog til Tryggheim videregående skule

Møte på Tryggheim videregående skule kl 20.00
Tale av Gabriel fra Nigeria

www.fakkeltog.no



Prisar for leige av Misjonshuset

org nr. 974 923 319

Gjeld frå 1. Januar 2021

Betaling til konto nr: 3335 11 24011 ----- eller ein kan nytte VIPPS nr 538580	Kristelegge arrangement		Anna bruk	
	Eigarorgani sasjonanene (NMS, IMF, NLM, Normisjon)	ANDRE	SELSKAP, GRAVFERD, o.l.	FAGMØTE handelslaget o.l.
Møtesal	400	600	1300	2000
Anretnings kjøkken	400	600	1000	1200
MATSAL 1)	300	400	1200	1600
Kjøkken 2)	300	500	1200	1600
Ungdomssal	400	500	1200	2000
Bønnerom (2.etasje) 3)	100	200	200	200
Foreningsrom 4)	100	200	200	200
Barnekjeller 5)	150	200	200	200

- Merknad
- 1): Servering skal så langt det er mulig skje i matsalen.
 - 2): Ved koking av kaffe og ikkje oppvask: kr. 50.-
 - 3): gratis for bønnemøter
 - 4): Gratis for styremøter og planmøter for eigarorganisasjonane og deira tilknytte einingar.
 - 5): Ved leie av kjeller er det skoforbud, og det skal ryddast og vaskast etter bruk.

Priser for spesielle arrangementer:

Konfirmasjon/ BRYLLAUP: bruk av kjøkken, matsal, ungd.sal	kr. 5000 *)
” ” : bruk av anr.kjøkken og møtesal	kr. 3500 *)
<i>Andre selskap med matsal og ungdomssal laurdag: pris som for bryllaup.</i>	
*): Leige er for ein heil dag pluss kvelden før til pynting. Merk: ope hus nyttar ungdomssalen fredag kveld, noko som gjer at den berre kan nyttast laurdag.	

	Eigarorg.	Andre
Møteveke uten fest på søndag	1200	1300
Møteveke med fest på søndag	1600	2100
Julemesse (fredag/laurdag, og tillaging torsdag)	9000	-----
Basar (med tillaging dagen før)	1500	1500

NYTTÅRSFEST, heile huset, med tillaging 28-30/12 kr. 3000 (Ungdomslaget)

ANNA BRUK AV HUSET

Etter avtale.

Leige av utstyr	Pris pr stk	andre tenester	Pris pr time
Dukar (lin)	kr. 150.	servering ved bryllaup o.a.	kr. 200
Dukar (teflon)	kr. 100.		
Dukar (velour)	kr. 50.		
Bord (matsalbord til private selskap)	kr. 40.		
Stolar (gamle matsalstolar)	kr. 10.		

Det skal nå ikkje betalast 5% av omsetnad..

Varhaug, 27.mars 2020
Styret for Varhaug Misjonshus.

Faste arrangement

Dag	Arrangement kontakt telefon	Tidspunkt	Rom
Mandag	Åpen Barnehage Jeanette Tegle Tveit 41532651	0900-1300	Matsal
Mandag	Pianoøving Ragnhild Hoel 92443772	1330-1815	Matsal
Mandag	Minikor Marie Vatne Dyngeland 98817527	1700-1745	Møtesal
Mandag (oddetall)	Yngreskor Anne M. Fauskanger 48266184	1815-1915	Møtesal
Tirsdag	Homlebølet Kjellaug L. Røynås 92233840	0900-1100	barnekjeller
Tirsdag	Fysioterapigrupper Geir Ove Buøy 93210886	1030-1530	Matsal
Tirsdag	Bønnesamling Terje Bøe 90519422	2030-2130	ungdomssal / bønnerom
Tirsdag	SUNDAG lovsangsgruppe Anne Birgitte L. Bøe 47953147	1900-2130	Møtesal eller ungd.sal
Onsdag (oddetall)	MTM - Misjen tre & mek Kristian Varhaug 41541054	1830 - 2130	sløyd og metall i kjeller
Onsdag (annan kvar)	Speideren, 5.kl og opp André Vagle 48145331	1900-2030	Ute
Torsdag	Åpen Barnehage Jeanette Tegle Tveit 41532651	0900-1300	Matsal
Torsdag (partall)	Speideren, 2. - 4. kl Åse Marie Varhaug 90702567	1645-1845	ute, Odlandsskogen
Torsdag	UL-Lovsangsgruppe Mikala Hobberstad 94826515	1800-2000	møtesal eller ungd.sal
Fredag	Ope hus Hanna Stokkeland 46836564	2000-2330	ungdomssal
Lørdag	Ungdomslaget Ådne Skretting 45065798	2000	ungd.sal (eller møtesal)
oppdatert 28/8-2023			

Oppdatert oversikt over møter framover er å finne på nettsida:
www.varhaug-misjonshus.no Klikk på møteplan og så møtebok.

VARHAUG MISJONSHUS

VAKTLISTE 2023-2024-2025

<u>namn/tlf (varamann i parantes)</u>	<u>Vekenummer og dato</u>								<u>.</u>
Loyd Ånestad	46	2	10	18	26	34	42	50	
915 39 216	13/11	8/1	4/3	29/4	24/6	19/8	14/10	9/12	
<i>(Asbjørn Fauskanger 94157641)</i>									
Andreas Rasmussen	47	3	11	19	27	35	43	51	
957 68 809	20/11	15/1	11/3	6/5	1/7	26/8	21/10	16/12	
<i>(Kristian Skrettingland 91375393)</i>									
Per-Arvid Jakobsen	48	4	12	20	28	36	44	52	
926 17 652	27/11	22/1	18/3	13/5	8/7	2/9	28/10	23/12	
<i>(Tor-Jarle Ueland 91671417)</i>									
Torbjørn Honnemyr	49	5	13	21	29	37	45	1	
479 56 501	4/12	29/1	25/3	20/5	15/7	9/9	4/11	30/12	
<i>(Martin Dyngeland 97055506)</i>									
Glenn Skretting	50	6	14	22	30	38	46	2	
993 02 566	11/12	5/2	1/4	27/5	22/7	16/9	11/11	6/1	
<i>(Åge Skrettingland 90939439)</i>									
Grethe Håland	51	7	15	23	31	39	47	3	
936 74 616	18/12	12/2	8/4	3/6	29/7	23/9	18/11	13/1	
<i>(Leif Nord-Varhaug 91192055)</i>									
Georg Høien	52	8	16	24	32	40	48	4	
414 74 560	25/12	19/2	15/4	10/6	5/8	30/9	25/11	20/1	
<i>(Reidar Varhaug, 90890978)</i>									
Tarald Ånestad	1	9	17	25	33	41	49	5	
906 37 516	1/1	26/2	22/4	17/6	12/8	7/10	2/12	27/1	
<i>(Ståle Ånestad 94885541)</i>									

Til alle brukarar av huset.

(Angitt dato er for mandagene).

Dersom du må ha hjelp til noko når du leiger Misjonshuset, kan du ta kontakt med den som har vakt. Tlf nr til Misjonshuset: 51430808.

Kontortid på Misjonshuset er mandag og torsdag kl 2000-2100,

I juli vil det ikkje vere kontortid. Ein kan óg nytte internettsida for å bestille leige, sjå http://www.varhaug-misjonshus.no/?page_id=752

Styret for Misjonshuset.
(ajour 28/12-2023)